

Ungdommens kommunestyre 22. juni 2017.

Sak 1: Gjennomgang protokoll 24.03.17

Sak 2: Orientering om kommunereforma v/Åse Kristin

Sak 3: Ungdomsfylkeetinget

Sak 4: Orientering om intervjuprosjekt, prosjekt «fritid», knytt til folkehelseprosjektet «Kva er viktig for oss».

Sak 5: Kvalen/MAKS, mogleg ny organisering. Flytte Kvalen frå dagens lokale til Sandøyhagen.

Sak 6: Verdensdagen for psykisk helse 5. oktober 2017. Foredrag «å bli klødd med ei fjør på feil plass» ved ALS sjuke Pål Eikrem.

Sak 7: Eventuelt

Protokoll til Ungdommens kommunestyre 22. juni 2017.

Sak 1: Gjennomgang protokoll 24.03.17

- Sak 1: Psykisk helse

Arbeidet med ein dag/kveld med fokus på psykisk helse og rus for ungdom fortsett. Det er ønskjeleg å ha med aktørar som; Politiet, Mot, Rusarbeidarar og evt ein foredragshaldar.

➔ Ønskjer å videreføre dette etter sommaren. Ny leiar i UKS må ta tak i dette på nytt møte etter sommaren. Kan samkjørast med verdensdagen for psykiske helse, høyre med Janne?

Sak 2: Orientering om kommunereforma v/Åse Kristin

- Åse Kristin informerer. Nye Ålesund er no vedtatt av stortinget, Haram har blitt tvunget inn. Ikkje sikkert Haram blir med dersom det bli Ap/Sp kommer til makta etter stortingsvalet.
- Informerer om felles kommunestyremøte 21. juni. 77 representantar i det nye kommunestyret. Åse Kristin sit i ei fellesnemd i den nye kommunen.
- Ikkje noko nytt kring kva som skjer med Ona/Sandøya/Orta.
- Har nokon gode idear/tankar kring reforma, ta kontakt med Åse Kristin.

Sak 3: Ungdomsfylkestinget

- Frist for å melde inn saker er 1. september. Dermed viktig at ein får eit nytt UKS møte før denne tid. Ein må difor få gjort unna vala så raskt som råd på skulen slik at nytt UKS kan konstituere seg. Espen tar seg av at vala blir unnagjort på skulen.
- Frist for å melde seg på er 1. oktober, vanleg at to stk reiser.
- Arrangementet er 10.-12. november ein stad på sunnmøre, ikkje bestemt kor.
- Sjølve invitasjonen ligg vedlagt referatet.

Sak 4: Orientering om intervjuprosjekt, prosjekt «fritid», knytt til folkehelseprosjektet «Kva er viktig for oss».

- «Kva er viktig for oss» prosjektet har hatt eit folkemøte der ein vart orientert om bakgrunn for møtet. Anna er inviteret med frå UKS. Det arbeidast med oppsummering av møtet, men vil nok ført bli etter sommaren ein ser meir av kva som kjem av dette.
- Ingrid Huse og ei studievennine skal gjennomføre eit intervjuprosjekt som er blitt knytt opp mot dette folkehelseprosjektet. Her skal dei intervju ungdommar 8.-10. klasse. Dette vert mest sannsynleg gjennomført etter haustferien. Ønsket er at ein kan finne ut meir om korleis ungdommen har det og kva dei saknar i ungdomsmiljøet.

Sak 5: Kvalen/MAKS, mogleg ny organisering. Flytte Kvalen frå dagens lokale til Sandøyhagen.

- Espen orienterer om at det jobbast med å stifte ei frivillig foreining som då skal drifte Kvalen og MAKS, kommunen står sjølv sagt framleis som eigar. Ein har kome til einingheit om at ein avventar til intervjuprosjektet ein orienterer om i sak 4 vert gjort ferdig. Kanskje kjem ein her fram til nye tankar/ideear som gjer at ein bør sjå om det er andre og betre måtar å gjere dette på.
- Vi drøfter moglegheiter for flytting av lokale til Kvalen. Kvalheim er eit forfallent bygg og før eller seinare må ein nok flytte ut av desse lokala. Ein kan flytte til Sandøyhagen eller det kan og vere ein moglegheit å bruke den nye kulturcafeen når Sandøytunet står ferdig. Det kan vere mange spanande moglegheiter på desse stadane, men ein må nok tenkje annleis enn i dag. UKS ser både ppositive moglegheiter ved å flytte. Spanande med noko nytt, mogleg med andre typar

aktivitetar, kanskje meir temabaserte. Det ein vil sakne er friheita og at alt utstyr kan stå framme heile tida. Men UKS er ikkje framand for flytting. Det vert og nemt kjellaren i Sandøyhagen (gamle mask./mek. avdelinga), men det er kanskje ikkje mogleg å få til, det vil i alle fall krevje mykje førebuingsarbeid.

- UKS bør bruke komande skuleår til å diskutere dette vidare og prøve å bidra til å finne gode løysingar. Ein bør uansett avvente med flytting no når storkjøkken er flytta til Sandøyhagen og ein dermed ikkje kan bruke kjøkkenfasilitetane der.

Sak 6: Verdensdagen for psykisk helse 5. oktober 2017. Foredrag «å bli klødd med ei fjør på feil plass» ved ALS sjuke Pål Eikrem.

- Marie og Espen informerer om foredraget. UKS er ineteressert i å kome.

Sak 7: Eventuelt

- Protokollane frå møta til UKS bør ligge lett tilgjengeleg på heimesida til kommunen. Espen sjekker opp.

Møtte: Marie Vasstein, Dorte Myklebust, Håkon Lervik, Andreas Liabø, Rikard Huse, Ramona Molnes, Anna Saure, Joakim Harnes, Mathias Sandøy (Åse Kristin Ask Bakke, Espen D. Harnes).